

Planomtale

Detaljregulering - ny barneskule i Rørstadmarka med tilhøyrande anlegg og funksjonar, gnr 74 bnr 114 m.fl.

PlanID – 2017001025



Tilhøyrande dokument:

- Plankart
- Føresegner
- Støyrapport
- Barnetråkk
- Analysekart
- Fraviksøknad
- Merknader til varsel om oppstart

Innhold

1 Bakgrunn	4
1.1 Føremål med planen	4
1.2 Forslagstillar, plankonsulent, eigarforhold.....	4
1.3 Utbyggingsavtalar	4
1.4 Krav om konsekvensutredning	4
2 Planprosessen	4
2.1 Medvirkningsprosess, varsel om oppstart	4
2.2 Mindre endring av planområdet	5
3 Planstatus og rammebetingelsar	5
3.1 Overordna planar	5
3.2 Kommuneplanen	6
3.3 Gjeldande reguleringsplanar	7
3.3 Tilgrensande planar	8
3.4 Temaplanar.....	8
3.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar	8
4 Skildring av planområdet, eksisterande forhold	9
4.1 Beliggende	9
4.2 Sol/ skugge-illustrasjon for skuletomta ved vår –og haustjamndøgn.....	12
4.3 Kulturminner og kulturmiljø	12
4.4 Naturverdier	12
4.5 Rekreasjonsverdi/ rekreasjonsbruk, uteområder	13
4.6 Landbruk/ Skogbruk	13
4.7 Trafikkforhold	14
4.9 Grunnforhold.....	15
5 Skildring av planforslaget	16
5.1 Analyse av trafikksituasjonen/ for ein tryggare skuleveg	16
5.2 Planlagt arealbruk.....	22
5.3 Område O1 - Bygging, plassering og utforming	22
5.4 Parkering	22
5.5 Trafikkutbetring, vegen Rørstadmarka.....	23
5.7 Plan for vatn- og avløp samt tilknytning til offentlig nett	24
5.8 Plan for avfallshenting.....	24
5.9 Rekkefølgjekrav	24
6 ROS-analyse	25
6.1.1 Sjekklister for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova.....	25

6.1.2 Sjekkliste klimatilpassing	28
6.1.3 ROS-analyse, Oppsummering	29
6.1.4 Klimatilpassing	33
7 Innkomne innspel	34

1 Bakgrunn

1.1 Føremål med planen

Føremålet med detaljreguleringa er å leggje til rette for bygging av offentleg skule med tilhøyrande anlegg og funksjonar.

1.2 Forslagstillar, plankonsulent, eigarforhold

Forslagstillar er Sula kommune, og reguleringsplanen er utarbeidd av Sula kommune.

1.3 Utbyggingsavtalar

Det er kommunen sjølv som skal stå for bygging av skuleanlegg og teknisk infrastruktur.

1.4 Krav om konsekvensutredning

I samråd med planavdelinga er det konkludert med at planen ikkje utløysar krav om planprogram og konsekvensutgreiing, då reguleringa er i tråd med overordna plan.


2 Planprosessen

2.1 Medvirkningsprosess, varsel om oppstart

Det vart annonsert oppstart av planarbeid i Sulaposten og Sunnmørsposten 14.september 2017, samt på Sula kommune sine heimesider.

Varslingsbrev vart sendt til berørte partar og aktuelle høyringsorgan.

Vi gjer merksam på at nemninga «Rørstadmarka skule», som er brukt i dette planarbeidet, kun er ein arbeidstitel. Namn på skulen vert fatta gjennom rette, formelle prosessar.



Bilde 2.1 – Kartskisse ved varsel om oppstart

Det vart motteke 8 merknader etter varslinga. Desse er oppsummert og besvart seinare i denne planomtalen.

2.2 Mindre endring av planområdet


Planområdet er sidan varslinga blitt noko justert, frå 58,3 daa til 56,3 daa.

Dei mest vesentlige endringane er gjort ved Rørstadkrysset. Planområdet er utvida mot aust mrk*1, inn på Gnr 74 Bnr 12 og 358, og noko mot syd og vest mrk*2, grunna flytting av busslomme.

Vidare er området innskrenka nordover og i sydaust, sjå Bilde 2.2 og 2.3.



Bilde 2.2 – Endring av planområdet (svart = ny, raud = gamal)



Bilde 2.3 – Endring av planområdet (svart = ny, raud = gamal)


Utover dette er det kun gjort mindre vesentlige endringar, jf. tekniske justeringar som t.d. frisktssoner.

3 Planstatus og rammebetingelsar

3.1 Overordna planar

- Fylkesplan for Møre og Romsdal 2017-2020
- Regional delplan for Folkehelse 2014-2017
- Regional delplan for Klima og energi 2015-2020
- Transportstrategi for gåande og syklande i Møre og Romsdal 2010-2019

3.2 Kommuneplanen



Bilde 3.2 - Utsnitt frå arealdelen i gjeldande kommuneplan

Reguleringsplanen er i tråd med gjeldande kommuneplan.

Det er i føresegnene til kommuneplanen sin arealdel;

Punkt 2.1.1. - satt krav om reguleringsplan (pbl § 11-9 nr.1), for «området for framtidig offentlig eller privat tenesteyting», jf. raudt areal i kartutsnitt (figur 2).

- Detaljreguleringa stettar dette kravet.

Punkt 2.1.2. - satt krav til risiko- og sårbarheitsanalyse, samt vurdering om krav til konsekvensutgreiing. (pbl § 4-3)

- Det er utarbeidd ei ROS-analyse i samband med planen. Krav til konsekvensutgreiing er vurdert og utelukka.

Punkt 2.1.4. - satt krav om rekkefølge. (pbl § 11-9 nr.4)

- Rekkefølgekrav er satt i planen sine føresegner.

Punkt 2.1.7. - satt krav om at barnetråkkregistrering skal inngå i vurderingsgrunnlaget.

- Aktuelle barnetråkkregistreringar er innhenta i samband med befolkningsanalyse i området.

3.3 Gjeldande reguleringsplanar



Bilde 3.3.1 - Kartutsnitt som viser eksisterende –og tilgrensande reguleringsplanar


Planområdet erstattar, men samstundes ivaretek, delar av den eldre reguleringsplanen for Rørstad vest, vedtatt 28.04.1975. Dette gjeld for regulert vegareal med tilhøyrande fortau -og kryssningspunkt for vegen Rørstadmarka.

Mindre endringar/ avvik frå opprinneleg regulering:

- Endra og definert formål rundt eksisterande trafostasjon ved vegen Rørstadmarka.
- 170 m² vert endra frå friområde til arealformålet telekommunikasjonsanlegg.



Bilde 3.3.2 - Eldre reguleringsplan



Bilde 3.3.3 - Nytt forslag



Bilde 3.2.4 – Illustrasjon – trafo lokasjon

3.3 Tilgrensande planar

- Reguleringsendring for x-feltet, vedtatt 19.10.2000
- Reguleringsendring av Gnr 74 Bnr 114, frå bustad til allmennyttig formål, vedtatt 27.02.2003
- Bebyggelsesplan for Kvernhusaugen, vedtatt 30.08.2005
- Mindre vesentlig endring av gangveg ved Rørstadmarka barnehage, vedtatt 20.01.2015

Ny plan skal sjølvsagt tilpassast desse i størst mogleg grad.

3.4 Temaplanar

Sula kommune sin «Trafikktryggingssplan for 2015-2020», vedteken av kommunestyret i sak K-074/15, med særleg fokus på dei mjuke trafikantane og at «alle born skal ha ein trygg skuleveg».

Aktuelle punkt i trafikktryggingssplanen er inkludert i dette planarbeidet. Spesielt kan det nemnast at det i denne planen vert stillt rekkefølgekrav til heilårs gang- / sykkelveggar til skuleområdet (planområdet), frå Mauseidvåg og Fiskarstrand. Desse vert handtert gjennom to eigne reguleringsplanar. Denne planen skal fremje trafikksikre løysingar, og med spesielt fokus på trygg skuleveg.

3.5 Statlege planretningslinjer/rammer/føringar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal si sjekklister for samsunntryggleik. (ROS)


- Utfylte sjekklister og ROS-analyse er gjennomgått og inkludert i planarbeidet.

Temaretteljar og referansar: Universell utforming og planlegging etter pbl.

Planen skal legges til rette for -og vidareføre krav om universell utforming.

4 Skildring av planområdet, eksisterande forhold

4.1 Beliggende



Bilde 4.1.1 – Oversiktsbilde over planområdet si plassering og utstrekning

Planområdet er på ca 56,5 daa, der hovuddelen (skuletomta) ligg vest for Rørstadfeltet, og vidare dekkjer planen den eksisterande kommunale vegen Rørstadmarka inkludert avkøyringa frå Fv 657 (Fiskarstrandvegen/ Mausavågvegen), med tilhøyrande trafikkfunksjonar.

Skuletomta ligg strategisk plassert mellom eksisterande bebyggelse og store friluft- og naturområder, skjerma frå m.a hovedtrafikkåra (Fv657) og industriområder. Idrettsanlegget på Lømyra vert ein av dei næraste naboane. Beliggende er sentralt lokalisert mtp busetningsmønster og moglegheiter for å kunne gå/sykle til skulen.

Bilde frå område (dagens situasjon):



Bilde 4.1.2 - Rørstadkrysset, sett frå syd.



Bilde 4.1.3 - Rørstadkrysset, sett frå nord.



Bilde 4.1.4 – vegen Rørstadmarka, sett frå avkøyring Rørstadkrysset




Bilde 4.1.5 – vegen Rørstadmarka, sett sydover, frå avkøyring til Rørstadmarka barnehage, Rørstadkrysset i bakgrunn



Bilde 4.1.6 – vegen Rørstadmarka, sett sydover, mot avkøyring Kringlevegen



Bilde 4.1.7 – Enden av vegen Rørstadmarka, mot skuletomta



Bilde 4.1.8 – Oversiktsbilde skuletomta




Bilde 4.1.9 - Sydleg del av skuletomta, sett mot vest




Bilde 4.1.10 - Nordleg del av skuletomta, sett mot vest

4.2 Sol/ skugge-illustrasjon for skuletomta ved vår –og haustjamndøgn



Bilde 4.2.1 – Sol/skugge 20.mars kl 15.00



Bilde 4.2.2 – Sol/ skugge 23.september kl 15.00


Terreng og plassering legg til rette for gode solforhold på tomta. Solbana bør sjølvstekt vektleggast mtp plassering av bygningar og uteareal på tomta.

4.3 Kulturminner og kulturmiljø

Det er ingen registrerte kulturminner eller verneverdige bygningar i området. Møre og Romsdal fylkeskommune har stilt krav til, og gjennomført, arkeologiske registreringar innanfor planområdet. Det vart ikkje gjort funn av automatisk freda kulturminne.


4.4 Naturverdier

Planområdet grensar til og ligg delvis innan friluftsområde ID-153102200, Veddemarka, eit variert ferskvassystem og landskap mellom Langevåg og Fiskarstrand. Nær alle norske ferskvasstypar er representerte, området er difor særst egna i undervisningssamanheng, biologisk, geologisk og zoologisk.



Bilde 4.4.1 - Verneområde Djupevatnet – Kringlevatnet, dyrelivsfredning (Kjelde: Gislink)

Norsk navn	ål
Vitenskapelig navn	<i>Anguilla anguilla</i>
Finner	NINA
Dato funnet	01.07.1993
Antall	
Beskrivelse	
Fylke	Møre og Romsdal
Kommune	Sula (1531)
Lokalitet	Øtrevatnet
Lengdegrad	6,261251
Breddegrad	62,430489
Presisjon	100
TaksonID	26086
Aktivitet	
Gruppe	fisk
Område	Nei
Økologisk funksjonsområde	Nei
Forvaltningskategori	Arter av særlig stor forvaltningsinteresse



Kriterie	Forklaring	
Ansvarsarter	>25% av europeisk bestand i Norge	
Trua arter	CR, EN, VU i Norsk Rødliste	x
Andre spesielt hensynskrevende arter	andre arter av nasjonal forvaltningsinteresse	
Spesielle økologiske former	former eller underarter av arter av nasjonal forvaltningsinteresse som ikke vurderes i Rødlisten	
Prioriterte arter	prioritert art i medhold av naturmangfoldloven	
Fredete arter	fredet i medhold av naturvernloven	
Nær trua art	NT i norsk rødliste	
Fremmede arter	Svært høy og høy risiko i svartelista 2012, samt noen arter fra Svarteliste 2007	


Bilde 4.4.2 - I Øtrevatnet vest for planområdet er det registrert ål, som er oppført på Norsk Rødliste over trua arter. (Kjelde: Gislink)

4.5 Rekreasjonsverdi/ rekreasjonsbruk, uteområder

Nærområde har store verdier knytt til natur og friluftsliv. Det er veletablerte nettverk av turstiar i umiddelbar tilknytning til skuletomta. Disse strekk seg både mot Langevåg, Mauseidvåg og Sulafjellet.

4.6 Landbruk/ Skogbruk

Det er ikkje registrert landbruk eller skogbruk innanfor planområdet.




Bilde 4.6.1 – Oversiktskart landbruk/ jordbruksareal

4.7 Trafikkforhold

Planområdet har køyreatkomst frå Fv. 657, via den kommunale vegen Rørstadmarka. Vegen er nytta som tilkomst for Rørstadfeltet m.m. Eksisterande veg har fortau.



Bilde 4.7.1 - Det vart gjennomført to trafikkmålingar på vegen Rørstadmarka, måling nummer 1 i mars 2017. Målepunkt rett etter avkøyring frå Fv. 657.




Bilde 4.7.2 - Måling nummer 2 i november 2017. Målepunkt på vegen Rørstadmarka, etter avkøyrse til Rørstadmarka barnehage.


Desse målingane er nytta som del av grunnlaget i vedlagt støyvurdering, utarbeidd av Norconsult.

Det er i dag busskommunikasjon på Fv. 657, med holdeplassar like ved Rørstadkrysset. Evt. offentleg skuleskyss skjer i dag ved bruk av minibuss/ maxitaxi.

4.9 Grunnforhold



Bilde 4.9.1 – Løsmassekart - Utsnitt frå NGU si kartløyising



Bilde 4.9.2 – Grunnforhold - Utsnitt frå NIBIO si kartløyising Kilden

Grunnforholda på skuletomta er grunnlendt, jorddekt (tynt humus-/ torvdekke) og noko myr.

5 Skildring av planforslaget

5.1 Analyse av trafikksituasjonen/ for ein tryggare skuleveg

I samband med planarbeidet er det gjennomført ei analyse av trafikksituasjonen kring den nye skulen. Forslagstillar har og vore i tett dialog med Statens vegvesen for å finne fram til gode og trafikksikre løysingar.

Barnetråkk

Det er innhenta særskilte registreringar, barnetråkk, frå born i 5. – 7. klasse ved Måseide skule og Fiskarstrand skule, våren 2018. Illustrasjonen, Barnetråkk, viser oppsummeringa av desse registreringane.



Bilde 5.1.1 – Barnetråkk registreringar (eige vedlegg)

Befolkning og lokalisering

Det er vidare utført ei analyse basert på befolkningsdata og lokalisering. Hovudkriteria har vore born i skulealder (kjelde: befolkningsdata 2017) som er lokalisert innanfor den nye skulekretsen.


Resultatet er vidare delt inn i ytterlegare soner, basert på m.a. naturleg avgrensing og gatestruktur, dette for å få eit meir handterbar og detaljert grunnlag.

Plassering av den nye skulen, bustadområder og fylkesvegen er viktige element i den vidare vurderinga.

Dagens situasjon ved Fiskarstrand skule, er at ca 70% av borna må krysse fylkesvegen for å komme til skulen og resterande 30% har trygg skuleveg*. Ei plassering i Rørstadmarka vil kunne snu desse tala.

Dagens situasjon ved Måseide skule, er at ca 40% av borna må krysse fylkesvegen for å komme til skulen, dette talet vil verte uendra ved nyplassing*. (* tala vil kunne endre seg for kvart årskull)


Dagens –og framtidige bustadområder er i hovudsak på rett side av fylkesvegen. Eksisterande –og nye bustadområder på nord og austsida av fylkesvegen skal ha tilrettelagte kryssingspunkt, med fokus på hovedkryssingspunktta skissert i analysekartet.



Bilde 5.1.2 – Analysekart (eige vedlegg)

Rørstadkrysset

Planskilt kryssing og venstresvingfelt, iht kravet i Statens vegvesen si Handbok N100 og jf. merknad frå SVV ved varsel om oppstart, vert ei veldig kostbar løysing å opparbeide for Sula kommune. Forslagstillar ser det som ei betre (samfunnsøkonomisk og helsebringande) løysing å gå inn for at flest mulig av elevane anten går eller sykklar til skulen, dette ved å etablere fleire gangveggar (hovudårer) som fører til skulen, eit tiltak som vil redusere trafikken av skuleborn langs fylkesvegen. Norconsult har difor sett på moglegheitene for ei redusert utbyggjing av Rørstadkrysset, slik at ein kan redusere kostnadane med utbyggjing av krysset og heller bruke desse midlane til å opparbeide gang/sykkelveg som tilførsel for skuleborn, og på denne måten oppnå betre trafiktryggleik for skuleborna.



Bilde 5.1.3 – Løsningsforslag Rørstadkrysset, utarbeidd av Norconsult

Løysninga viser passeringsslomme på eksisterande fylkesveg, flytting/utbedring av busslomme og overgangsfelt med lysregulering, syd/aust for krysset.



Bilde 5.1.4 – Før-situasjon, Rørstadkrysset



Bilde 5.1.5 – Etter-situasjon, Rørstadkrysset




Bilde 5.1.6 – Illustrert plassering av passeringslomme på Fv 657, og forskyving av G/S

D.1.1.7 Passeringslomme

Formålet med en passeringslomme (breddeutvidelse på høyre side av vegen) er at trafikk som skal rett frem kan passere på høyre side av biler som venter på å svinge til venstre. Breiddeutvidelsen bør være på 3 – 3,5 m over en lengde (L) på minst 30 m.

Breddeutvidelsen utføres som vist i Figur D.9.

Passeringslomme kan anlegges i T-kryss hvor det ikke er behov for kanalisering i primærvegen. Passeringslomme kan være et alternativ til venstresvingefelt ved standard for gjennomgående utbedring.



Figur D.9: Passeringslomme (mål i m)

Bilde 5.1.7 – Illustrasjon av passeringslomme, frå Statens vegvesen N100



Bilde 5.1.8 – Illustrasjon av endra overgangsfelt (signalregulert) og busstopp på Fv 657, syd for Rørstadkrysset

Fråvikssøknad

Vidare er det søkt om, og godkjent av Fylkeskommunen, fravik frå «kravet til horisontalkurve i kryss bør vere større eller lik 200 m», dette gjeld for Fv 657 i Rørstadkrysset.

Søknad og godkjenning er lagt ved planforslaget som eige vedlegg.

Fråviksgruppa ved Statens vegvesen anbefalte fråvikssøknaden, dette sidan fartsgrensa på Fv 657 er 50 km/t, og så lenge kravet til sikt er oppfylt. Vidare bes det om dokumentert behov for planlagt passeringslomme.

Ein ny skule i Rørstadmarka vil sjølvsagt genere noko auke trafikkbelastning i Rørstadkrysset, då spesielt i tidsromma der skulen/ SFO opnar og stenger. Passeringslomma er meint å ivareta den generelle trafikkflyten langsetter Fv 657 i dei tilspissa tidsromma.

Skissert og planlagt løysing for Rørstadkrysset er utarbeidd etter dialog med Statens vegvesen. Jf. vedlagt brev kring anmodning om trekk av varsla motsegn.

Planlagde gang- og sykkelveggar til ny skule i Rørstadmarka (eigne reguleringsplanar)

Trinn 1: Dagens Måseide skule - Ny skule

Frå eksiterande infrastruktur ved dagens Måseide skule og vidare i regulert trase mot Raudåna, og tilknytning til Kringlevegen og Rørstadmarka.

Trinn 2: Fiskarstranda - Ny skule

Frå Dalvegen mot ny skule i Rørstadmarka, via Lømyra idrettspark. Ved å etablere denne gangvegen vil vi legge til rette for at hovudtyngden av skuleborna ikkje må krysse fylkevegen for å komme seg til skulen, og dermed gi skuleborn frå Fiskarstranda ein tryggare skuleveg.

Forslagstillar vurderar desse tiltaka som eit meir heilheitleg og samfunnsøkonomisk alternativ, framfor å overdimensjonere trafikkløysinga i Rørstadkrysset.

Ei naudsynt utbedring av Rørstadkrysset, og opparbeiding av gang- og sykkelvegane i trinn 1 og 2 vert satt som rekkefølgekrav. Infrastrukturen skal vere på plass og godkjent før den nye skulen kan takast i bruk.

Nye gang- og sykkelveggar til Rørstadmarka skule er eit godt trafiksikkerhetstiltak for mjuke trafikkantar. Det er dessutan tiltak som vil kome nærmiljøet til gode.

5.2 Planlagt arealbruk

5.2.1 Reguleringsformål

1. Bebyggelse og anlegg (pbl 12-5 nr. 1)
 - a. O1 – offentlig undervisning m.m.
2. Samferdselanlegg og teknisk infrastruktur (pbl 12-5 nr. 2)
 - a. Kjøreveg: o_v
 - b. Fortau: o_f
 - c. Gang-/sykkelveg: o_GS
 - d. Annan veggrunn: o_AV
 - e. Annan veggrunn- grøntareal: o_AVG
 - f. Energinett: Trafo
 - g. Holdeplass/ plattform: Buss
3. Grønnstruktur (pbl 12-5 nr. 3)
 - a. Friområde
4. Hensynssoner (pbl 12-6)
 - a. H140 - Frisikt
5. Faresoner
 - a. H370 – Høgspant
6. Båndleggingssoner
 - a. H720 - Bevaring/Naturvern/ Dyrelivsfredning

5.3 Område O1 - Bygging, plassering og utforming

O1 - Skule med tilhøyrande anlegg og funksjonar:

Maksimal utnyttning for *skuleformål* er **%-BYA = 80%**.

Maksimal gesimishøgde for bygningar innanfor føremålet O1 er **14 meter**, frå ferdig planert terreng sitt gjennomsnittsnivå rundt bygninga.

Det vert satt rekkefølgekrav til godkjendtt situasjonsplan og uteomhusplan ved byggesøknad.

5.4 Parkering

Sula kommune si parkeringsnorm har ikkje noko tallfesta krav til parkeringsdekning for privat eller offentlig tenesteyting.

Planen stiller krav om tilfredsstillande parkeringsdekning innanfor skuleområdet (O1), dette skal dokumenterast og illustrerast i detaljert situasjonsplan ved byggesøknad.

5.5 Trafikkutbetring, vegen Rørstadmarka

Den kommunale vegen Rørstadmarka har i dag ein dimensjon som tilsvarar tidlegare Sa1 i Statens vegvesen si vegnorm, men med nedsatt fartsgrense (30 km/t). Vegen har ingen gjennomgangstrafikk.

Vegen er pr. i dag «overdimensjonert» og difor berekna til å tilfredsstillе komande dimensjonsbehov, jf. berekna ÅDT < 1500 i vedlagt rapport frå Norconsult. Den same rapporten vurderar og støyforholda for berørte naboar til å vere tilfredsstillande, utan krav om ytterlegare tiltak.

Det bør og nemnast at opprinneleg vedtatt reguleringsplan, og formålsending i kommuneplanen sin arealdel, har gitt tydelege signal om at området (og denne vegen) bør kunne forvente ei auke i trafikksituasjonen. Dimensjoneringa av nemnde veg, med fortau, har såleis vore framtidsetta.

I tillegg til ei skilta fartsgrense på 30 km/t bør det vurderast fleire trafikksikringstiltak, som fartsdumper/ opphøgde overgangsfelt, skilt, belysning, frisikt o.l., med eit ekstra spesielt fokus på krysningspunkta for mjuke trafikantar.

Løysinga skal vere i tråd med Sula kommune sin trafikksikringsplan 2015-2020, og målsettinga om at «Alle born skal ha ein trygg skuleveg».



Bilde 5.5.1 – Overgangsfelt på vegen Rørstadmarka, nord for Lømyrvegen, særskilt nemnt i Trafikktryggingsplanen til Sula kommune 2015-2020



Bilde 5.5.2 – Nytt fortau frå Kringlevegen, med overgangsfelt på vegen Rørstadmarka



Bilde 5.5.3 – Forlenging av vegen Rørstadmarka, med nytt fortau og overgangsfelt

5.6 Universell utforming

Planlagte tiltak skal legge til rette for universell utforming iht kommuneplanens føresegner.

5.7 Plan for vatn- og avløp samt tilknytning til offentlig nett

Planløsning for vatn –og avløp skal godkjennast av kommunen.

5.8 Plan for avfallshenting

Det vert stilt krav til renovasjonsplan i reguleringsplanen sine føresegner.

Plassering og renovasjonsløsning for skulen vil verte gjort i dialog med ÅRIM.

5.9 Rekkefølgekrav

Følgjande tiltak må vere utført før det kan verte gitt midlertidig bruksløyve/ferdigattest:

- Kryssløysing frå fv 657 skal vere ferdig opparbeidd, og godkjendt av Statens vegvesen.
- Ferdigstilte heilårs gang-/ sykkelveggar til skuleområdet, frå Mauseidvåg og Fiskarstrand, jf. trinn 1 og 2 i vedlagt analysekart.
- Uteareal, inkludert tilkomst, skal vere ferdig opparbeidd og godkjendt. (Godkjendt situasjonsplan og uteomhusplan)
- Parkeringsplassar innan område O1 skal vere opparbeidd i samsvar med godkjendt situasjonsplan.
- Dokumentasjon på at tiltaket er sikra tilfredstillande infrastruktur (kraftforsyning m.m).
- Nødvendig sikring av skuleområdet.

6 ROS-analyse

6.1.1 Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan:

Detaljregulering - ny barneskule i Rørstadmarka med tilhøyrande anlegg og funksjonar, gnr 74 bnr 114 m.fl.

Plan- og bygningslova § 28-1 fastset krav om sikker byggegrunn, og § 4-3 fastset krav om risiko- og sårbarheitsanalysar i arealplanlegginga.

* Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Revidert 15.12.2016

1. Naturgitte forhold	Er det knytt risiko til følgjande element? <i>Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg. Grunngje NEI etter behov.</i>	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?		x	
	b	Er området utsett for større fjellskred?		x	
	c	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	
	d	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?		x	
	e	Er området utsett for flaum eller flaumskred, også når ein tek omsyn til auka nedbør som følgje moglege av klimaendringar?		x	
	f	Er det kjente problem med overflatevatn, avløppssystem, lukka bekker, overfløyming i kjellar osv?		x	
	g	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	
	h	Er området sårbart for ekstremvær/stormflo medrekna ei ev. havnivåstigning som følgje av endra klima?		x	
	i	Treng det takast særskilte omsyn til radon?		x	Nye bygningar vert sikra iht gjeldande TEK.
j	Anna (Spesifiser)?				

2. Omgjevnad	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar	
	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågareliggande område?		x	
d	Anna (spesifiser)?				

3. Vass- forsyning	Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x
b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfeltet for drikkevatt, og kan dette utgjere ein risiko for vassforsyninga?		x	

	c	Anna (spesifiser)?			
4. Kraft- forsyning		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspenlinjer?		x	8 meter korridor kryssar over vegen Rørstadmarka.
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?		x	
	c	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	Det vert satt krav om ny trafo/- og utbetra teknisk anlegg i området.
	d	Anna (spesifiser)?			

5. Samferdsel		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?		x	
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?		x	
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, eks som følge av naturhendelser?		x	
e	Anna (spesifiser)?				

6. Miljø/ Landbruk		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake forureining i form av lyd, lukt eller støv?		x	Det er utført støvvurdering av tilkomstvegen Rørstadmarka. Rapport frå Norconsult er lagt ved.
	b	Vil plana/tiltaket bli ramma av, eller forårsake fare for akutt eller permanent forureining i området?		x	
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?		x	
d	Anna (spesifiser)? Bevaringssone for dyrelivsfreding.				

7. Er området påverka/ forureina frå tidlegare bruk		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		x	
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		x	
d	Anna (spesifiser)?				

8. Brann/ ulukkesberedskap		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	Teknisk anlegg vert utbetra ifm utbygging.
b	Har området dårlige tilkomstruter for utrykkingskjøretøy?		x		

	c	Anna (spesifiser)?
--	---	--------------------

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
9. Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: - elektrisitet, - teletenester? - vassforsyning? - renovasjon/avløp?		x	
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		x	
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?	x		Rørstadmarka barnehage. Og det vil no kome ein ny skule.
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
10. Verksemds- risiko	a	Omfattar tiltaket spesielt farlege anlegg?		x	
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar i nærliggande verksemdar (industriføretak etc.), utgjere ein risiko?		x	
	c	Er det storulukkesbedrifter i nærleiken som kan representere ein fare?		x	
	d	Anna (spesifiser)?			

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
11. Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?		x	
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x	
	c	Anna (spesifiser)?			

Sjekklista er gjennomgått den 21/2 -2018 av sign:

Børn Henry Grebsta

6.1.2 Sjekkliste klimatilpassing

k1. Flaumfare

a) Større vassdrag (vassdrag over 100 km²): **Nei.**

o Er det teke høgde for klimaframskrivingar i flaumsonkartlegginga? **Nei.**

o Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre på resultatet av kartlegginga? **Nei.**

o Kan auka havnivå føre til auka flaumfare for planområdet (fare for kombinasjon av stormflo og flaum)? **Nei.**

o Har det vore tilfelle av isgang (som kan forverre flaumproblema)? **Nei.**

b) Bekkar og mindre elvar med bratt fall:

o Har det vore flaum ved tidlegare hendingar med intens nedbør? **Nei.**

o Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør, endre forholda? **Nei.**

o Er det planlagd utbygging 20 meter eller nærare ein vassdrag/bekk? **Nei.**

o Er bekkar lagt i røyr, og er det i tilfelle kapasitet til å ta unna auka nedbørsmengder? **Nei.**

o Har det vore endringar i arealbruken omkring elvar og bekkar som gjer at dei må finne andre løp ved flaum? **Nei.**

o Vil utbygginga kunne ligge i vegen for, eller stenge for, at elvar og bekkar kan endre løp? **Nei.**

k2. Skred/erosjon

a) Er det lausmasser langs elv og/ eller sjø som kan vere utsett for erosjon? **Nei.**

k3. Avløp

a) Har det vore problem med kapasiteten i avløpssystema ved tidlegare hendingar med intens nedbør? **Nei.**

b) Har det vore problem tilbakeslag? **Nei.**

c) Kan auka totalnedbør, oftare intens nedbør og større nedbørsmengder på dagar med intens nedbør endre forholda? **Nei.**

d) Kan auka havnivå gi problem for avløpsanlegg (tilbakeslag)? **Nei.**

k4. Havnivå/stormflo

a) Er berekninga av havnivåstiging og stormflo gjort i samsvar med prinsippa i rettleiaren «Havnivåstiging og stormflo» (DSB, september 2016)? **Nei. (Ikkje aktuelt)**

k5. Infrastruktur (utanom vatn og avløp)

a) Kan auka fare for utfall av kritisk infrastruktur endre risiko- og sårbarheitsforhold for det aktuelle området? **Nei.**

k6. Slagregn

a) Kan området vere sårbart for auka fare for slagregn? **Nei.**

6.1.3 ROS-analyse, Oppsummering


Ein gjennomgang av Fylkesmannen i Møre og Romsdal si sjekklister viser at dei fleste spørsmåla om risiko og sårbarheit kan utelukkast.

Resterande spørsmål vert kommentert og vurdert i denne oppsummeringa.

Konsekvens/ Sannsynlegheit	1. Ubetydelig	2. Mindre alvorleg	3. Alvorleg	4. Svært alvorleg
4. Svært sannsynleg				
3. Sannsynleg				
2. Mindre sannsynleg	1i			
1. Lite sannsynleg	3a, 4a, 4c, 6d, 8a	6a		9c

Tabell, oppsummering

1. Naturgitte forhold, bokstav i: Radonstråling



Utsnitt fra miljostatus.no (med kartlag radon) Gul farge = moderat til lav forekomst, Grå farge = usikker

For det aktuelle skuleområdet viser kartlegginga *usikker radonforekomst*.

Eventuell risiko og sårbarheit kring radonstråling vert handtert gjennom krava i gjeldande TEK.

3. Vassforsyning,

bokstav a:

Nytt teknisk anlegg (VA) vert opparbeidd i samband med nybygg.

Det vert satt krav til utbyggingsavtale vedkomande teknisk anlegg, og med tanke på dimensjonering av, og tilknytning til eksisterande teknisk anlegg.

4. Kraftforsyning, bokstav a: høgspenlinjer

Det går i dag ei høgspenline gjennom Rørstad bustadområde.

Denne lina vil ha lite påverknad for denne planen, utover ei 8 meter brei omsynssone på tvers av vegen Rørstadmarka.

bokstav c: forsyningstryggleik

Mørenett har satt krav til ny trafo i samband med utbygging i planområdet.

Dette er satt som eit rekkeføljekrav i planen.


6. Miljø/ Landbruk,

bokstav a: forureining i form av lyd, lukt eller støy

Det er utført ei støyvurdering av trafikkstøy frå tilkomstvegen Rørstadmarka.

Fagrapport frå Norconsult er lagt ved.

Rapporten viser at vegen Rørstadmarka, med justert trafikkmengd, vil tilfredstille krava satt i T-1442, utan behov for ytterlegare tiltak.



Utsnitt støysonekart

bokstav d: anna (bevaringszone for dyrelivsfreding) ID-VV00000675

Naturvernområde med dyrelivsfreding vert ivareteke og vidareført i den nye planen.

«Den einaste restriksjonen som gjeld for dette området er at alle fugle- og pattedyrartar er freda mot jakt- og fangst», jf. generelt frå Miljødirektoratet sin naturbase.




08.02.2018

Fakta: Vern

Djupvikvatnet-Kringlevatnet

Id	VV00000675
Kommuner	Sula
Verneform	dyrelivsfredning
Verneplan	Ikke vurdert
Verneforskrift	http://www.lovdata.no/for/lfmv/xv-19880527-0387.html
Vernedato	27.05.1988
Status revisjon	Ikke revidert
Forvaltningsmyndighet	Fylkesmannen i Møre og Romsdal
MOB-Land prioritet	G Ikke vurdert
Totalareal (fra kartobjekt)	1061 daa
Forvaltningsplanstatus	Ingen plan
Skjotselsplanstatus	Ingen plan
IUCN-status	Ingen
Planbehov	Ingen
Trusselnivå	Ikke truet
Overvåkingsbehov	Ikke vurdert
Tiltaksbehov	Ikke behov
Generelt	Område med dyrelivsfredningsområde som grenser til Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat. Den eneste restriksjonen som gjeld for dette området er at alle fugle- og pattedyrarter er freda mot jakt- og fangst. Det er likevel tillate med jakt på hjortedyr og villmink etter villtova med forskrifter.
Verneformål	Fugle- og dyreliv.

Utsnitt frå <http://faktaark.naturbase.no/Vern?id=VV00000675>



Kartutsnitt, Djupvikvatnet – Kringlevatnet Naturreservat med tilgrensande dyrelivsfreding

8.Brann/- ulukkesberedskap,

bokstav a: sløkkjevassforsyning

Det vert satt krav til utbetring av teknisk anlegg i samband med utbygging.

9.Sårbare objekt,

bokstav c: oppvekstinstitusjonar i området


Rørstadmarka barnehage er lokalisert i bustadområdet, med eksisterande avkøyring frå, og over fortautraseen, langs vegen Rørstadmarka.

Avkøyrsla vert som før, men grunna ei sannsynleg auka mengde av mjuke trafikkantar forbi denne, må naudsynnte trafikkisikringstiltak vurderast.

6.1.4 Klimatilpassing

Det er ikkje gjennomført noko konkret analyse kring flaum og klimaendringar for dette området (eller Sula generelt), og ettersom aktuelt utbyggingsområde ligg ca + 4 meter over normal vannstand til næraste vatn, Øtrevatnet, ser vi no ei grundigare vurdering som lite relevant.

Det vert i reguleringsføresegnene satt krav til detaljert situasjonsplan. Denne skal synleggjere mellom anna handtering av overflatevatn.



Utsnitt frå NVE si kartløyising for Aktomhetsområder

7 Innkomne innspel


7.1 Merknader (samandrag)

1.	Mottatt:			
NVE (Norges vassdrags- og energidirektorat)	28.09.2017			
- Ingen merknad.				
<u>Uttale til merknad:</u>				
- Registrert.				
2.	Mottatt:			
ÅRIM	04.10.2017			
<ul style="list-style-type: none">- Trafikktryggleik og brann: Ønsker at etablering av oppsamlingspunkt vert planlagt slik at henting av avfall ikkje skapar farlege situasjonar.- Oppsamlingseiningar, og dimensjonering av desse: Ønsker same ordning for kjeldesortering på skulen som i heimane. Informerer om ny kjeldesorteringsordning i løpet av 2018, matavfall, glas- og metallemballasje, papiravfall, plastemballasje og restavfall.- Forslag til løysingar: Avfallsbrønner for papir, plastemballasje og restavfall. For matavfall og glas- og metallemballasje kan det vere tilstrekkeleg med mindre løysingar over bakken.				
<u>Uttale til merknad:</u>				
<ul style="list-style-type: none">- Det vert stilt krav til renovasjonsplan i reguleringsplanen sine føresegner.- Plassering og renovasjonsløyising for skulen vil verte gjort i dialog med ÅRIM.				
3.	Mottatt:			
Naboar langs vegen Rørstadmarka: Rørstadmarka 34, Ferdahaugen 1 og 3, Røvastien 2 og 4	04.10.2017			
Innspel/ merknad frå partane:				
<ul style="list-style-type: none">- stiller spørsmål kring vegdefinisjon, dimensjon og framtidig auka trafikkmengd på vegen Rørstadmarka. Vidare er dei og bekymra for at planlagt utbygging vil opne for trafikkauke, og på kveldstid og i helger. Ønsket er å redusere denne trafikken.- fremjar og eit løsningsforslag til nemnde problemstilling. Etablering av ei «dropson»/parkering, til venstre (i friområde syd for vegen Rørstadmarka), like etter avkøyring frå Fv657 (Fiskarstrandvegen).- meiner at planen vil endre føresetnaden frå då bustadområde vart utbygd.- er positive til utbygging av gangveggar frå Fiskarstrand og Mauseidvåg, men fryktar at den positive effekten går tapt ved ein køyrbar veg heilt fram til skulen.- ber kommunen vurdere alternativ ny veg til skuleområdet, utanom boligfeltet.- ønsker å bli tatt med på råd.- er positive til ein ny skule i Rørstadmarka, men ber om å bli tatt hensyn til.				
<u>Uttale til merknad:</u>				
<ul style="list-style-type: none">- Rørstadmarka, med dagens standard, har dimensjon som tilsvarar Sa1 iht Statens vegvesen si vegnorm, men med nedsatt fartsgrense (30 km/t). Dvs. pr i dag er den overdimensjonert, vidare er dagens veg berekna til å tilfredsstille komande behov. Jf. Berekna ÅDT < 1500 i vedlagt rapport frå Norconsult, vedkomande støyvurdering. Den same rapporten vurderar og støyforholda for berørte naboar til å vere tilfredstillande, utan krav om ytterlegare tiltak.- I tillegg til redusert fart vil det bli vurdert fleire trafikksikringstiltak (f.eks fartsdumper, skilt o.l.), spesielt med tanke på krysningspunkt for mjuke trafikantar.				

- Vi registrerer det løsningsorienterte forslaget om «dropsone» og parkering ved starten av vegen. I teorien vil dette kunne redusere trafikkbelastninga vidare inn i bustadfeltet, men samstundes vert det vanskelig å handheve dette, då vegen fortsatt vil vere open.
- Med fare for å generalisere, det er eit kjent fenomen at folk flest vil køyre til døra. Anten pga tidsbruk, vane eller i dette tilfelle, fordi foreldra vil sjå til at borna kjem trygt fram.
- Ei «dropsone» nokre hundre meter frå skulen vil medføre at fleire born må gå den allereie trafikkerte strekninga.
- Våre vurderingar, så langt, er å heller prioritere nye gode gangveggar (hovudårar frå Mauseidvåg og Fiskarstrand), vekk frå biltrafikken, samt fremjande tiltak langs den eksisterande vegen Rørstadmarka.
- Alternativet om eigen veg til skulen er noko vurdert. Ein ny veg vil først og fremst medføre ei vesentlig kostnadsauke, samstundes er det vanskeleg å sjå noko opplagt trasevalg.
- Då dagens vegløysing stettar alle krav, vil Sula kommune heller fokusere på dei nemnde gangvegane og utbetring av dagens eksisterande trafikksituasjon.
- Det bør nemnast at opprinneleg vedtatt reguleringsplan, og formålsending i kommuneplanen sin arealdel, har gitt tydelege signal om at området (og denne vegen) burde kunne forvente ei auke i trafikksituasjonen. Dimensjonering av nemnde veg har såleis vore framtidsretta.



Figur 1: Eldre reguleringsplan, 1975



Figur 2: Kommuneplanen sin arealdel, 2015

- Sula kommune vil tilstrebe ei heilheitleg, sikker og god trafikkløysning for nærmiljøet.

4.	Mottatt:			
Mørenett AS v/ Thore Gagnat	16.10.2017			

Krav om nytt høgspennnett fram til området.
 Krav til etablering av ny nettstasjon i området.
 Vedlagt kart som viser Mørenett sine anlegg i området.



Uttale til merknad:

Planen vil stille rekkefølgekrav til utbygging av teknisk infrastruktur i området.

5.	Mottatt:			
Møre og Romsdal fylkeskommune	16.10.2017			
Automatisk freda kulturminne: stiller krav om arkeologisk registrering, og avklaring rundt dette før godkjenning av endeleg plan.				
Uttale til merknad:				
Arkeologisk registrering er bestilt. Forslagstiller er innforstått med at området må klarerast av fylkeskommunen før det kan vert gjort vedtak om godkjenning av reguleringsplan.				
Området vart varsla klarert 4. juli 2018, av fylkeskommunen ved kulturavdelinga.				
6.	Mottatt:			
Fylkesmannen i Møre og Romsdal	16.10.2017			
Natur- og miljøvern. Friluftsliv.				
<ul style="list-style-type: none"> - Nærområdet har store verdiar knytt til natur og friluftsliv. - Planområdet grensar til og delvis innan: Registrert beiteområde for hjort (ID-153110507) og friluftsområde (ID-153102200) Særs eigna i undervisningssamanheng. - Planområdet grensar til: Naturvernområde (ID-VV00000675) - Planområdet ligg i nærleiken av: Djupvikvatnet-Kringlevatnet naturreservat (ID-VV00000677) 				
Samfunnstryggleik: Krav om gjennomføring av risiko- og sårbarheits analyse jf. PBL §4-3.				
Barn og unge:				
<ul style="list-style-type: none"> - Rår til å fokuserer på utvikling av trygge, funksjonelle og estetiske lærings- og oppvekstmiljø. - Plasseringa tett på friluftsområde og naturvernområde gir særs gode moglegheiter i undervisninga. - Trafikktryggleik: legg til rette for funksjonelle og trygge løysingar 				
Folkehelse:				
<ul style="list-style-type: none"> - Rår til at ein vurderer samanhengar i eit større bilete med omsyn til turvegnett og andre målpunkt i nærleiken. 				
Universell utforming:				
<ul style="list-style-type: none"> - Fokus på tilgjenge for alle. - Det må leggast til rette for medverknad og kvalitetssikring frå brukargrupper med særskilte behov. 				
Uttale til merknad:				
<ul style="list-style-type: none"> - Planarbeidet skal legge til rette for å inkludere eksisterande natur og friluftsliv, og ivareta (i plankart og føresegner) nemnde naturvernområde. - Det vert gjennomført ei ROS-analyse i samband med planarbeidet. - Plan og prosjekt ønsker i stor grad å legge til rette for eit godt turvegnett gjennom etablering- og utbetring av gangveggar i tilknytning til skuleområde og skulen sitt nedslagsfelt. - Universell utforming vert eit krav i planen. 				
7.	Mottatt:			
Barnerepresentanten i Sula kommune	20.10.2017			
Setter fokus på trafikktryggleik.				
<ul style="list-style-type: none"> - Dårleg sikt i eksisterande overgangsfelt i Rørstadkrysset. (Fv 657). Viser og til ein hyppig nytta snarveg over Fv 657. (ved nemnde kryss) 				

- Gjer merksam på at eksisterande overgangsfelt ved «Strandman-verkstedet» vil få auka bruk. (Koplingspunkt mellom Rørstad aust og Rørstad vest) Dette har dårleg sikt mot nord, pga bakketopp på Fv657. Ønsker betre belysning.
- Peikar på ei løysning der ein etablerer ein samanhengande gangveg frå Mauseidvåg til Fiskarstrand/ Djupvika, utan å måtte krysse fylkesvegen. Dette kan skje ved utbetring av eksisterande stiar og snarvegar. Ei slik løysning hadde vore flott for alle Sula sine innbyggjarar.

Uttale til merknad:

- Sula kommune er merksam på dei nemnde problemstillingane. Det er ei sjølvfølge at fokuset vert lagt på gode, funksjonelle og trafikksikre løysingar for elevane.
- Det vert i planen stilt rekkefølgjekrav om gangvegar til skuleområdet, frå både Mauseidvåg og Fiskarstrand. Sjå egne illustrasjonar.
- Det vert og stilt rekkefølgjekrav til utbetring av Rørstadkrysset.
- Naudsynte utbetringar vert og vurdert for situasjonen på eksisterande veg Rørstadmarka.
- Sjå og svar på merknad frå Statens vegvesen, med tilhøyrande dialog.

8.	Mottatt:			
Statens vegvesen	27.10.2017			

Analyse av trafikkmønster/ barnetråkk

- Stiller krav om at det leggst til rette for trygg skuleveg.
- Analyse av trafikkmønster/ barnetråkk, inkludere framtidige bustadområder.

Rørstadkrysset (varslar motsegn ved utelatelse)

- Rekkefølgjekrav om venstresvingefelt, i føresegnene.
- Rekkefølgjekrav om planskilt kryssing av fylkesvegen, i føresegnene.
- Føreset at Rørstadkrysset vert utarbeidd i samsvar med utformingskrav og siktkrav i Vegnormal N100 med tilhøyrande retningslinjer. Dimensjonere krysset for tilkomst for skulebuss.

Skulebuss/ busshaldeplassar

- Skulebuss heilt fram til skulen
- Det må etablerast ei trafikksikker løysing med trygg tilkomst for av- og påstigande passasjerar.
- Veg-/tilkomstløysinga i tilknytning skulen må innarbeidast i reguleringsplanen, og detaljerast vidare i situasjonsplanen som følgjer byggesøknad.
- Tilstrekkeleg antall parkeringsplassar.
- Trygg kryssing for gåande som nyttar fortau på veggen Rørstadmarka.
- Busshaldeplassar/ busslommer langs fv. 657 iht krav i N100.

Gang-sykkelveg Storevatnet-Djupvikstranda

- Det bør etablerast ein gang- og sykkelveg frå ny skule Rørstadmarka, langs Storevatnet, til Djupvikstranda.
- Etablering av ei trafikksikker løysing langs fylkesvegen, Djupvikstranda.

Tilpassing av planavgrensinga

- Tilpassast nødvendige tiltak.

Støy

- Krav om støyutgreiing, T-1442.

Universell utforming

- Legge til rette for universell utforming iht kommuneplanens føresegner.

Arealføremål

- Areal langs fylkesvegen må regulerast til vegføremål. (minimum 6 meter)

Uttale til merknad:

Sula kommune har sidan varsel om oppstart av reguleringsplanen vore i tett dialog med SVV.

Analyse

Det er gjennomført ei analyse av trafikkmønster og bustadområder, noverande og framtidig. Vidare er det innhenta barnetråkkregistreringar frå 5.-7. klassingane ved Fiskarstrand skule og Måseide skule. Analysekartet er inkludert i planframlegget.

Rørstadkrysset

Rekkefølgekrav om utbetring av Rørstadkrysset er moderert. Og varsla motsegn er trekk.

Skulebuss/ busshaldeplassar

Aktuell offentleg skuleskyss vert drifta av minibuss/ maxitaxi. Difor er det begrensa med behov for større tiltak i denne samanheng.

Det er stilt krav til godkjent situasjonsplan for skuleområde, inkludert handtering av trafikk –og parkeringsløyningar, der og tilstrekkeleg antall parkeringsplassar.

Naudsynte tiltak langs vegen Rørstadmarka går fram av planforslaget.

Busshaldeplass syd for Rørstadkrysset vert flytta, iht krav i N100.

Gang-sykkelveg Storevatnet-Djupvikstranda

Det vert stilt rekkefølgekrav til heilårs Gang – sykkelveg frå skuleområdet til både Mauseidvåg og Fiskarstrand.

Situasjonen til/frå Djupvikstranda vert handtert i samband med komande byggeaktivitet der.

Tilpassing av planavgrensinga

Planavgrensinga er tilpassa nødvendige tiltak, spesielt i kryssområdet (Rørstadkrysset)

Støy

Det er gjennomført ei støyanalyse for vegen Rørstadmarka.

Universell utforming

Det vert stilt krav om universell utforming iht kommuneplanens føresegner.

Arealføremål

Arealet langs fylkesvegen vert regulert til vegføremål. (minimum 6 meter)